BØMLO KOMMUNE
Eigedomsskattekontoret

Bømlo Kommune
Rådhuset
Leirdalen 1
5430 BREMNES

***Vår ref:*** 61330

# MELDING OM TAKST OG SKATT 2021

Kommunestyret i Bømlo vedtok i 2008 å innføra eigedomsskatt i heile kommunen. For skatteåret 2021 har kommunestyret vedteke å leggja til grunn Skatteetaten sitt formuesgrunnlag (bustadverdi) for alle bustadeigedomar som har slikt grunnlag. Skattetaksten er etter eigedomsskattelova sett til 70% av formuesgrunnlaget. Alle andre bustadeigedomar vert taksert etter kommunen sine vedtekne rammer og retningsliner. For skatteåret 2021 har kommunestyret vedteke å kontorjustera alle kommunale skattetakstar med 30 %. Dette gjeld berre eigedomar som vert taksert av kommunen. Det er òg vedteke differensiert skattesats på 3,2 promille for bustad og fritid, 3,7 promille for særskilte skattegrunnlag medan satsen er 3,4 promille for alle andre skatteobjekt. Det er ikkje innført botnfrådrag for bustader og hytter. Alle tidlegare verk og bruk er taksert som næringseigedom.

Som eigar av fast eigedom i Bømlo kommune mottek De med dette melding om skattetakst for eigedomen Dykkar. Denne meldinga vert sendt til alle eigarar av eigedomar i kommunen som vert taksert av kommunen - *altså ikkje taksert med bakgrunn i formuesgrunnlag (bustadverdi) motteke frå Skatteetaten.* Grunnlaget for takseringa finn De i "Rammer og retningslinjer for taksering" som ligg på internettsidene til kommunen.

Nedafor følgjer informasjon om skattetakst, botnfrådrag og årleg skatt for din eigedom:

***Eiendom:*** 4613 - 2 / 92 / 0 / 0 ***Eiendommens adresse:*** Bømlo Kommune

***Eierrepresentant:*** Bømlo Kommune
***Regningsmottaker:*** Bømlo Kommune

***Fritak:*** § 5 d - kommunal eigedom
***Type eiendom:*** Tomt - LNF
***Antall boenheter:*** 0

| | |
|---|---|
| ***Takst (kr):*** | **0** |
| ***x Skattenivå (100%) (kr):*** | 0 |
| ***- Bunnfradrag (kr):*** | 0 |
| ***= Skattegrunnlag (kr):*** | 0 |
| ***x Skattesats:*** | 3,2‰ |
| ***= Årlig beregnet skatt (kr):*** | 0 |

Eigar eller rekningsmottakar kan klaga på taksten som dannar grunnlag for skatt. Klagen må setjast fram skriftleg innan seks veker frå takstane vart lagt ut til offentleg ettersyn, dvs. innan 15. april 2021. Klagen bør innehalda ei nærare grunngjeving for kvifor du meinar at den fastsette taksten og eventuelt skattesummen er feil. Klagen må underskrivast. Klagen vert endeleg avgjort av ei klagenemnd som kommunestyret har oppretta. Eventuell klage skal sendast til: Bømlo kommune, Leirdalen 1, 5430 Bremnes eller per e-post eigedomsskatt@bomlo.kommune.no

De kan også ringja telefon 53 42 30 00, måndag - fredag klokka 09.00 - 14.30, dersom De har spørsmål i samband med takst og skatt.
E-postadresse: eigedomsskatt@bomlo.kommune.no
Faktura for eigedomsskatten vert sendt ut separat i slutten av mars i år. Har du avtalegiro eller

nettbanken slik at ikkje komande krav vert trekt deg.

Med helsing
Bømlo kommune, Eigedomsskattekontoret